



Tilgroing er eit aukande problem på elvekanten, her frå Nedre Fet frå elveosen til ovom Uskedalsbrua.

Neste opne møte i Uskedal utvikling er onsdag i neste veke, 5. oktober. Tema er: Tilgroing, vegetasjon og rydding. Tore Eik frå Landbrukskontoret vert med på møte. Uskedal Bondelag og Uskedal grunn- og elveeigarlag er viktige samarbeidspartar for å lukkast i arbeidet med å få fram noko av kulturlandskapet slik det var.

Tilgroing og sterk vegetasjon er eit aukande problem i Uskedalen, her som elles på Vestlandet. Mykje godt arbeid vert gjort med beiterydding og hogst for å få fram kulturlandskapet. Vi har før skrive om tilgroing som hindrar sikten på vegane. Det same gjeld kratt og mindre skog i strandsona. I båthamna og ved kyrkja er det nyleg rydda. Beiteryddinga på Søreboen på Kjærlandsida er eit føredøme på korleis dette arbeidet skal gjerast.



Ryddinga i båthamna og ved kyrkja er slutført.

Møte på onsdag vil særleg ha fokus på tilgroinga lang Uskedalselva. Tore Eik vil orientera om kva ein finn av tilskotsordningar og elles kva krav ein set til rydding på elveborga. Rådgjevande biologar har synspunkt på rydding som også ivaretek fiskebestanden. Det vert korte innlegg frå Bondelaget og Elveigarlaget. Målet må vera å koma fram til nokre tiltak saman med grunneigarane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal